




Kyrkja ønskjer

Velkommen til dåp!

04 Vi døyper fordi ...

06 Slik går du fram

11 Dåpen gjev fest og glede



Gratulerer
med eit
nytt barn i familien!

Har du tenkt på
korleis du, og de,
ønskjer å feira det
nye livet?

Vi feirer livet

I dåpen feirer vi det nye livet og ønsker et nytt medlem i den verdensvide kirke velkommen. Fra Skaperens side er alle mennesker Guds barn. Alle er vi skapt i Guds bilde, fulle av fantastiske gaver, talenter og muligheter, på ulike vis. Alle er vi kjent og elsket som vi er, av Gud. **Når vi bæres til dåp eller selv kommer til dåp – da svarer vi ja til Guds ja til oss.** Og det gjør noe med relasjonen. Det forteller oss selv og andre noe om hvem vi er og hvor vi hører til.

Dåpen er verdens største kjærlighetserklæring. Guds frelsende nåde og kjærlighet plasker i hodet på oss, uten at vi har gjort noe annet enn å være til. De fleste av oss bæres til og med frem til døpefonten. Det er et statement, i en kultur hvor veldig mye handler om å kjøpe, fortjene og prestere oss til ting. Dåp er verken magi eller diplom for vel utført tro. Dåpen gir oss et rom til å leve og vokse i.

Ordene vi bruker i dåpen er ganske store. Det er ikke så rart – for i dåpen får vi del i Jesu Kristi død og oppstandelse, og et nytt liv. Det finnes både godt og ondt, i oss og i verden. Derfor trenger vi stadig en ny sjanse, og tilgivelse fra både Gud og mennesker. Guds kjærlighet er sterkere enn alt. Da Jesus ga seg selv for alle mennesker, satte han ondskapen sjakk matt, selv om det ikke alltid virker sånn. Siste ord er sagt – og det er ikke ondskapens og dødens ord, men Guds kjærlighets ord.

Barna våre kommer til å oppleve både gode og vonde ting – sånn er livet. Men ingenting kan skille oss fra Guds kjærlighet i Jesus Kristus.

Sunniva Gylver, prest i Den norske kyrkja



Foto: Arnstein Markussen Kilane

Innhald

03: Vi feirar livet

05: Vi vel dåp fordi . . .

06: Slik går du fram

08: Fadrar, kjole, fest og gåver

11: Dåpen gjev fest og glede

12: Lys, døpefont, vatn og kross

15: Ein tale til Håvard

16: Kyrkja følgjer opp dåpsborna

19: Fylt av glede



«Mange legg vekt på at
dåpen set barnet inn
i ein større samanheng.»

Vi vel dåp fordi ...

Dåpen står sterkt i Noreg. Foreldre grunnlegg valet av dåp med tru, tradisjon og eit ønskje om fest

Tekst Lena Skattum Sandvik • Foto Den norske kyrkja/Sveinung Bråthen

Her er nokre av grunnane til at foreldre vel å døypa borna sine:

- Ein måte å ønskja barnet velkomen inn i familien
- Eit ønskje om å halda oppe ein god tradisjon
- Dåpsdagen gjev høve til slektstreff
- Eit ønskje om at barnet skal ta del i den kristne tradisjonen
- For at barnet skal bli medlem i kyrkja
- Det er trygt for barnet å bli døypt og slik vera i Guds omsorg.

Kilde: KIFO

Sunniva Gylver, som er prest i Den norske kyrkja, er oppteken av at vaksne må ta eit val på vegner av borna.

– Når borna våre er små, vel vi for dei uansett. Å ikkje velja noko er også eit val, seier ho.

Opplev kyrkja!

Gylver meiner at vi i eit samfunn som det norske, som stadig blir mindre religiøst, ofte kan stengja døra for borns religiøse liv.

– Dette kan fort skje dersom vi vel å ikkje gje eit barn kunnskap om og konkrete erfaringar av religiøs tru. Dei fleste foreldre ønskjer at borna skal ta godt informerte val når det gjeld store avgjerder i livet. Men når det gjeld tru og livssyn, synest angsten for indoktrinering somme gonger å trumfa retten til å erfara og oppleva religiøs tradisjon og praksis, seier Gylver.

Ho har lang røynsle med arbeid i fleirreligiøse miljø, og meiner at det absolutt er mogleg å gje borna kunnskap om, og erfaring med, kristen tru og tradisjon, og samtidig byggja opp respekt for og lyst til å vita meir om andre religionar og livssyn.

Gode grunnar til å velja dåp

Ipsos MMI har undersøkt foreldres haldningar til dåp, på oppdrag av Den norske kyrkja.

– Intervjua syner at foreldra både tek dåpen og borna på alvor, seier seksjonsleiar i Kyrkjerådet, Kristine Aksøy. Ho forklarar at foreldra legg vekt på si tru og det å høyra til i kyrkja når dei vel dåp. Samtidig ønskjer foreldra å gje barnet grunnlag for å ta eigne val.

– Foreldra ønskjer å feira barnet sitt på dåpsdagen. Mange legg også vekt på at dåpen set barnet inn i ein større samanheng. Barnet blir lyft fram i familien, kulturen og tradisjonen, forklarar ho.

Den norske kyrkja følgjer opp dåpen med å tilby trusopplæring gjennom oppveksten, til familiar, born og unge. Gjennom trusopplæringa kan borna bli kjende med kyrkja og den kristne trua.

Sjå nokre av kyrkja sine tilbod til borna på side 16 og 17.

Slik går du fram

Vil du at barnet ditt skal døypast? Her får du tips til framgangsmåte:

Tekst og foto Lena Skattum Sandvik

1. Ta kontakt med kyrkja

Om du vil vita meir om dåp, kan du be om ein samtale med presten eller ein annan tilsett ved den lokale kyrkja di. Finn kontaktinformasjon på Internett, skriv e-post, ta ein telefon, eller stikk innom kyrkjekontoret.

2. Finn aktuelle søndagar

Når du har funne ut at du ønskjer dåp, er det tid for å bestemma dato for den store dagen. Det kan vera lurt å spørja seg for om kva for søndagar som er aktuelle. Nokre kyrkjelydar tilbyr dåp også på andre vekedagar. Gå gjennom kalenderen saman med dine næraste, og med fadrane, og finn ein dag som passar.

3. Meld inn barnet til dåp

Du kan gjerne sjekka nettsida til den lokale kyrkja for å finna ut korleis du melder barnet til dåp. Somme stader (ofte i store byar) må du ringja eit sentralbord, eit såkalla servicetorg, der du blir informert om aktuelle dåpssøndagar. Desse servicetorga kan også melda barnet ditt til dåp i den kyrkja du ønskjer og på den dato du ønskjer.

Du kan òg ta ein tur til den næraste kyrkja di, for å høyra korleis du kan få meldt barnet ditt til dåp. Kanskje det blir ordna kjapt og greitt første gongen du er innom.

Somme ønskjer å døypa barnet sitt i ei anna kyrkje enn den dei soknar til. Ta kontakt med den kyrkja du ønskjer, så fortel dei korleis det kan ordnast.

4. Dåpssamtale

Når dåpsdagen er fastsett og nærmar seg, tek presten eller ein annan tilsett i kyrkjelyden kontakt for å avtala ein samtale med deg. Det blir ein samtale anten med den einskilde familien, eller ein blir beden inn til ei fellessamling med andre som skal ha dåp.

Typiske tema i dåpssamtalen er gjennomgang av kva dåp er og praktiske førebuingar knytte til gudstenesta og sjølv dåpen.

Tenk gjennom kva du vil snakka med presten om før dåpssamtalen. Dersom du ønskjer ein spesiell song eller salme i gudstenesta, eller de vil at ein i familien skal lesa dåpstekstane frå Bibelen, kan du ta det opp i dåpssamtalen.





Foto: Arnstein Markussen Kilane

Fadrar

Dåpsbarnet har minst to fadrar i tillegg til foreldra. Mange vel gode vener eller familie som fadrar. Ansvarer som fadrane har, er å ha omsorg for barnet og bidra til barnet si opplæring i kristen tru. Fadrane skal be for barnet, og læra det sjølv å be.

Ein fadder har fylt 15 år og høyrer til i eit kyrkjesamfunn som praktiserer barnedåp. Om det er vanskeleg å finna fadrar, kan du ta kontakt med kyrkjekontoret. Der kan dei gje råd om kven som kan vera fadder.

Dåpskjolen

Det er vanleg at dåpsborna har på seg ein dåpskjole, men det er ikkje noko krav om det. Dåpskjolane er ofte mykje lengre enn borna. Dette symboliserer at trua skal få veksa og utvikla seg. Ved konfirmasjonen blir denne symbolikken ført vidare ved at konfirmantane har på seg lange kvite kapper.

Kvitt er fargen for fest og glede i kyrkja. Kvitt er også farge for reinleik og minner om at Gud tilgjev og vaskar rein.

Kanskje har familien ein dåpskjole som går i arv? Kanskje er det ein i familien eller venekrinsen som ønskjer å sy ein dåpskjole til barnet?

Mange vel å kjøpa ein kjole. Dåpskjolar finst i alle prisklassar. Somme kyrkjelydar låner ut dåpskjolar.



Foto: Den norske kyrkja/Rune Kongsro

Dåpsfesten

Mange synest det er hyggjeleg å samla familie og vener for å feira dåpen og det nye barnet.

Det er sjølvsagt mogleg å gjera dette heilt enkelt. Somme feirar heime i eige husvære, andre leiger lokale, eller «låner» seg inn hos familie eller vener som har større stove å by på. Nokre kyrkjelydar har også høvelege lokale til festen.



Foto: Karen Kilane



Foto: iStock.

Gåver

Det er vanleg å gje ei lita gåve til dåpsbarnet. Somme lagar gåvene sjølve, strikkar, syr, målar eller er kreative på andre måtar. Andre tips til gåver kan vera: pengar, smykke, bøker, noko barnet treng av utstyr osv.

Ønskjer du å gje ei gåve med kristent innhald? På iko.no finn du bøker og andre ting som lærer barnet om kristen tru.

Dåpsklubben TRIPP TRAPP er ei populær fadder gåve. Klubben er for born i alderen 0-12 år. Klubben har ikkje krav om minstekjøp.

www.tripptrapp-klubben.no



«Som mamma til Brage ønsker eg at nokon som er større også skal passa på han.»
Marit Leonie Fuglerud



Dåpen gjev fest og glede

Det er fest i kyrkja. Her er bunader, dressar, gurgling og babygråt. I dag skal tre born berast til dåp, og biskopen er på besøk.

Tekst og foto Lena Skattum Sandvik

Alle i kyrkja reiser seg i det gudstenesta startar og følgjet kjem inn. Det er høgtid i Lambertseter kyrkje i Oslo. Nokre born kjem først. Dei ber prosesjonskrossen og altarlysa. Mugga med dåpsvatnet blir boren inn av ein kyrkjevert. Deretter kjem dåpsfamiliane. Foreldre eller fadrar ber dåpsborna.

Til slutt kjem prestane og biskopen. Framme ved altaret står barnekoret med sin glade song.

Brage skal døypast

Vegen til kyrkja har ikkje vore heilt sjølvsgd for Marit Leonie Fuglerud og Stian Simensen. Dei går inn som nummer to av dåpsfamiliane i prosesjonen. På armen til Marit er Brage. Han er nesten tre månader gammal og er deira første barn.

– Eg synest det er naturleg at Brage skal døypast, seier Marit.

For Stian betyr det mindre, men han blir med. Det er ikkje det at han meiner namnefest er eit betre alternativ. Men han har berre ikkje på same måten som kona vore innstilt på dåp.

Guds hender

– Dåpen betyr at Brage blir døypt inn i Guds kyrkje på jord, og at vi overgjev han i Guds hender. Det synest eg er noko fint. Som mamma til Brage ønskjer eg at nokon som er større også skal passa på han. Det er noko trygt over det, forklarar Marit.

Marit og Stian har kjøpt ein ny dåpskjole til Brage. Endå dei eigentleg har arvekjolar på begge sider i familien.

– No startar vi ein ny tradisjon for vår familie, og då vil vi ha ny kjole, seier Marit.

Stian synest dei er godt tekne vare på i kyrkja, og han kjenner seg velkomen der han sit på første benk saman med kone og barn.

Roleg dåp

Det blir lese bibelvers, og det kjem bønner og dåpssalme. Så er det klart for sjølve dåpshandlinga. Foreldre og fadrar ber borna opp til døypefonten. Nokre av babyane græt litt når biskopen auser vatn over hovuda deira og ber for dei. Brage har også gråte. Han er trøytt. Men under sjølve dåpen er han roleg. Han blir døypt i namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage ande.

– Det var spesielt at vi hadde biskopen til å døypa. Det er jo ikkje noko alle får oppleve. Og så var det hyggeleg med så mange menneske og så god stemning i kyrkja, seier Marit. Ho er glad for ramma rundt dåpsfesten, at storfamilien får vera med å sjå at barnet deira blir døypt, og at dei får feira dagen saman.

Dåpsfest

Gudstenesta har preike, salmesong, bønner og nattverd. Når gudstenesta er over, står dei framme ved døypefonten og det blir teke bilete av dåpsborna, foreldra, fadrane og biskopen.

Brage og følgjet hans reiser til «Lambertseter gård», der familie og vener kjem saman til fest.

– Dette var i grunnen stor stas. Dagen har hatt meir å seia for meg enn eg hadde trudd, seier pappa Stian.



Foto: Kampen kirke, Stavanger

Dåpslyset

Ved sida av døypefonten i kyrkja står det eit stort dåpslys. Dette dåpslyset tenner ein kvar gong det er dåp i kyrkja. Under dåpen får familien ofte sitt eige dåpslys. Dette blir tent med flammen frå det store lyset.

Dåpslyset symboliserer Jesus, lyset i verda. Jesus seier: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.»

Dåpslyset blir tent i bøn om at Jesus skal vera lys for barnet gjennom livet. Mange tek fram dåpslyset kvart år på dåpsdagen, for å minnast dåpen.

Døypefonten

Ordet *døypefont* kjem av det same ordet som *fontene*, som igjen tyder *kjelde*.

Dei eldste døypefontane i norske kyrkjer er så djupe at barnet kan senkast ned i dåpsvatnet. Det gjer ein ikkje lenger, men skikken symboliserer at dåpen er eit bad til fornying. Barnet blir knytt til Jesu død og oppstode. Det gamle mennesket dør og det nye mennesket står opp til eit liv i kjærleik med Kristus.

I nokre kyrkjer er døypefonten plassert i inngangspartiet, slik skikken var i gamle dagar. Då blir barnet bore fram i kyrkja når dåpshandlinga er ferdig. Slik blir dåpen ei open dør inn til Gud og den kristne kyrkjelyden. Som regel står i dag døypefonten framme ved alteret i kyrkja, og barnet blir bore inn og opp til dåp.



Foto: Jan-Tore Egge

Dåpsvatnet

Presten auser vatn over hovudet til barnet, tre gonger. I namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage ande. Det rennande vatnet er symbolet på livet. Jesus kallar seg sjølv livsens vatn. Dåpen er meir enn ei symbolsk handling.

Det skjer et under i dåpen,
her skapes liv av ord.
Barnet er størst i Guds rike
skjønt det er minst på jord.

Så la oss synge i glede,
nå er Guds Ånd oss sendt,
vannet blir kilden til livet,
her har et under hendt.

(Frå «Det skjer et under i verden» av Gerd Grønvold Saue, nr. 591 i Norsk salmebok)



Foto: Den norske kirke/Caroline Roka



Foto: Lena S. Sandvik

Krossteiknet

Presten teiknar krossteiknet over barnet. Dette teiknet er eit gammalt kristent symbol. Det viser til Jesu tomme kross og fortel om Jesu død og oppstode. Slik blir krossen, som ein gong var ein stad for tortur og avretting, ein lovnad om det godes siger over det vonde.

Krossmykke er mykje brukte både som dåpsgåver og som konfirmasjonsgåver. For mange er det å gå med ein kross noko langt meir enn å bera eit vanleg smykke. Krossen syner at ein har ei kristen tru, og er ei dagleg påminning om dåpen.



Ein tale til Håvard

Då Håvard vart døypt, var han det einaste dåpsbarnet den søndagen. Presten valde difor å halda ein personleg tale til han.

Tekst Lena Skattum Sandvik • Foto Privat

– Eg hadde fått lese talen på førehand, men eg måtte verkeleg ta meg saman for ikkje å bryta heilt saman. Det var så vakkert og samtidig så sårt. Eg er veldig takknemleg for at sokneprest Asle Andreas Hasle skreiv denne talen til oss og til Håvard.

Mamma til Håvard, Siv Eggen, seier at Håvard's dåpsdag i Manglerud kyrkje var ei fin oppleving.

Her gjev vi att deler av talen som soknepresten heldt:

«Kjære Håvard

Eg er så stolt og glad for å få lov å døypa deg i dag. Det er knapt nok synleg no, men når du blir større vil det synast. Du har eit ekstra kromosom, seier dei. At du er den du er, gjev oss vaksne massevis av spørsmål, mange «kvifor» som vi ikkje kan få svar på.

Men noko veit eg, og det har eg lyst til å seia deg i dag. Først og fremst vil eg seia deg dette aller viktigaste: Du er elska av Gud og er uendeleg verdifull. Det er mange stemmer som i teori og praksis vi seia noko anna. Tida du er fødd inn i er oppteken

av alt som kan målast. Men kanskje vil du bidra på ein annan måte enn med hard profitt til samfunnet vårt. Ikkje høyr på dei som seier at det berre er økonomi og pengar som tel. Eg trur Gud har rett. I boka Gud har gjeve oss seier han i ein salme om oss menneske:

*Når eg ser din himmel, eit verk av dine fingrar,
månen og stjernene som du har sett der,
kva er då eit menneske – at du hugsar på det,
eit menneskebarn – at du tek deg av det?
Du sette han lite lågare enn Gud
og krona han med herlegdom og ære.*

Kjære Håvard. Dette gjeld også deg. Gud elsker deg! Dåpen som du snart får ta del i, er Guds gåve til oss. I dåpen får vi ta imot Guds nåde og kjærleik, alle som ein. Kanskje du kan læra oss litt meir om kva det betyr?

Kjære Håvard, Siv og Jose. Gratulerer med dåpsdagen. Eg ønskjer Guds velsigning over livet som ligg framfor dykk.»

Kyrkja følgjer opp dåpsborna

Kyrkjelydane i Den norske kyrkja ønskjer å skapa gode fellesskap for born og unge, der dei blir kjende med den kristne trua. Tilbodet kan vera forskjellig i dei ulike kyrkjelydane. Her er nokre døme på kva som finst:

Babysong

Mange kyrkjelydar tilbyr babysong, anten i sjølve kyrkja eller i andre lokale. Her kan du ta med deg babyen og syngja gamle og nye barnesongar. Babysong er eit tilbod til babyar – og til foreldra deira. Tiltaket er tilrettelagt for dei minste, og born og vaksne i nabolaget får møta kvarandre. Musikk byr på samspel og kommunikasjon. Babysong er difor eit tilbod der du og barnet ditt kan syngja og leika saman.

Bøker - 2 år, 4 år og 6 år

Mange kyrkjelydar inviterer til gudstenester som er tilpassa bornefamiliar. Born som er 2, 4, eller 6 år blir gjerne spesielt inviterte til å få bøker som kan gje dei innblikk i og opplæring i den kristne trua.

«Kyrkjerotter» for førskuleborn

Kanskje har Kyrkjerottene vore på besøk i kyrkja di? Vesle og Fredo, dei to rottene, er stadig på tur. Kanskje kjem dei snart til kyrkja der du bur? Kyrkjespellet dei framfører er tilpassa born i alderen 3-6 år.

Song og kor

I kyrkja er dei gode når det gjeld song. Her er småbarnstrall, barnekor, familiekor, Ten Sing og ungdomskor – for å nemna noko. Nokre kor held høg kvalitet, men dei aller fleste er kor for kvar og ein som likar å syngja.

Speidar

Venskap, friluftsliv, leir, naturglede og utfordringar, det finn du i «speidaren». I mange kyrkjelydar finst det speidargrupper. Speidarskjerf og speidarmerke kan vera å få like rundt hjørnet.

Skulestart og «Førsteklasses»

Skulestart er ei viktig hending. Mange kyrkjelydar markerer dette, og inviterer seksåringane i nabolaget til gudsteneste og andre arrangement. Somme stader er det også ein seksårsklubb.

Har du lyst
til å hjelpa til med
eit arrangement,
er du hjarteleg
velkomen
til det!



Foto: Den norske kirke/Torstein Ihle



Foto: IKO-Forlaget



Foto: MF/Jostein Askjer

Barneklubbar og søndagsskule

I mange kyrkjelydar er det ulike barneklubbar på kveldstid, eller søndagsskule. Her kan born treffa andre born og tilsette i kyrkja. På samlingane får borna høyra bibelforteljingar og dei får vera med på ulike aktivitetar.

Tårnagentar

Kvart år inviterer mange kyrkjelydar 8-åringar opp i kyrkjetårna. 8-åringane får vera tårnagentar. Gjennom bibelforteljingar får dei ulike oppdrag og utforskar kyrkjehuset og klokketårnet. På søndagsgudstenesta presenterer dei noko av det dei har opplevd som agentar.

Lys vaken

Dei fleste kyrkjelydane gjennomfører *Lys vaken* natt til første søndag i advent. Då blir 11-åringane bedne til overnatting i kyrkjerommet. Advent handlar om lyset som kom til verda. Dette ønskjer kyrkja å feira. Målet er at 11-åringane skal få oppleva ei kyrkje som gjev rom for alle – heile døgnet, heile livet. Foreldre og føresette skal få oppleva ei kyrkje som deler tradisjonar og verdjar med andre – heile tida, livet gjennom.

Kode B

Kode B gjev opning for fleire opplevingar i kyrkja for 11/12-åringane. Her skal borna få betre kjennskap til Bibelen. Målsetjinga er å gje borna lyst til å vita meir og skapa undring over Bibelens mangfaldige innhald.

Søndagsgudstenester

Dei fleste kyrkjelydane har gudsteneste kvar søndag klokka 11. Her er alle, små og store, velkomne!

Finnt ut kva som finst i den lokale kyrkjelyden din!



Foto: Den norske kirke/Lars Myhren Holand



Foto: Den norske kirke/Henrik Dvergsdal

Fylt av glede

Fylt av glede over livets under,
med et nyfødt barn i våre hender,
kommer vi til deg som gav oss livet.

Fylt av beven foran ukjent fremtid
legger vi vårt barn i dine hender.
Det som skjer i dåpen, gir oss trygghet.

Fylt av undring er vi i din nærhet!
Du som bærer verdensrommets dybder,
venter på de små og tar imot oss.

Ved ditt verk, ved Kjærlighetens vilje,
er vi født på ny til liv i Kristus,
til et åpent liv i tro og tillit.

Og ved tidens grense lever fortsatt
dine løftes-ord ved døpefonten,
dåpens lys forblir når livet slukner.

Større rikdom enn hva ord kan romme,
har du gitt oss gjennom dåpens gave.
Herre, la vår tro bli fylt av glede!

Svein Ellingsen

Nr. 586 i Norsk salmebok



Foto: Arnstein Markussen Kilane

Kyrkja ønskjer

Velkomen til dåp!

Utgjevar:

© IKO-Forlaget AS, 2017
Postboks 2623 St. Hanshaugen
0131 Oslo
www.iko.no
Telefon: 22 59 53 00

Redaksjon:

Lena Skattum Sandvik- redaktør
Cecilie Holdø
Heidi Jannicke Andersen
Eigil Morvik
Lars Kristian Gjone

Omsett til nynorsk:

Oskar Stein Bjørlykke
Formgjevar:
Lena Skattum Sandvik

Trykkeri:

Østfold trykkeri
Opplag: 2000

ISBN: 978-82-8249-333-8

Foto omslag:

Den norske kyrkja/Runar Kongsro

iko
FORLAGET



Populær
dåpsgåve!

Gi DÅPSKLUBBEN

Tripptrapp

til eit barn du er glad i!

VEL GRATIS VELKOMSTGÅVE!

Med Dåpsklubben TRIPP TRAPP får barna gode bøker, filmar og musikk rett heim i postkassa. Dei blir kjent med forteljingar frå Bibelen, kveldsbøner og mange fine barnesongar.

- *For barn frå 0 til 12 år*
- *Ikkje krav om kjøp*
- *Tilbod om 3 pakkar årleg*

GÅVE
1



Noahs ark

Mjuk tøybåt med seks forskjellige dyr og Noah
Verdi 299,-

GÅVE
2



Gynge mer (CD)

Ny CD med 29 songar, rim og regler for dei minste
Verdi 199,-

GÅVE
3



Guds barn

Desmond Tutu sin eigen barnebibel. Rikt illustrert. På bokmål og nynorsk
Verdi 298,-



Bibelforteljingar • Song og musikk • Kveldsbøner

Fleire velkomstgaver finn du på
tripptrapp-klubben.no

Telefon 22 59 53 00 e-post ordre@iko.no

DÅPSKLUBBEN

Tripptrapp